



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE –Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Dato: 09.12.2013

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 411 tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fråsegn knytt til redusert alternativ for småkraftverk på Trandal, Ørsta kommune. Alternativ utarbeid okt. 2013.

Først vil vi berre stadfeste at fråsegna vår av 10.05.2013 til det første og mest omfattande alternativet ligg fast.

Derneft vil vi peike på at den generelle delen av fråsegna vår, knytt til Volda – Ørsta pakken og ligg fast. Det betyr at også ei sterkt redusert utbygging av elva på Indre Trandal må vegast inn som «samla belastning / sumverknad» på landskapet i Hjørundfjorden.

I den første søknaden, p.1.3 står det at «kraftstasjonen er planlagt bygget ved elveosen på området til det nedlagte oppdrettsanlegget der området har stort oppryddingspotensiale». Dette området er i den nye søknaden tenkt som riggområde, og vi ser ein stor gevinst for landskapet om dette området vert rydda opp slik det vert skildra i opphavleg søknad side 16 (fig 12 og vedlegg 3). Det er særskilt viktig at området rundt elveosen vert inngrepsfritt og utan skrot. Dette bør presiserast i ein eventuell konsesjon.

Biologisk rapport peikar på funn av planten skogfredlaus. Vi har fått kjennskap til at denne lokaliteten er på nordsida av elva. Til høgre for inntaket sett nedanfrå, så om tilkomstveg og inntak vert som skissene i



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

den nye søknaden vert her ingen konflikt. Men det er viktig at
detaljplanane ikkje vert endra.

Helsing

Ingbjørn Brødli

Ingbjørn Brødli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi

Ørsta kommune

Fylkesmannen

Fylkeskommunen